



Saksbehandlar: Karianne Holmboe Askeland, Trude Helen Flåten, Stig Vattekar og Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 17/5437-2

## Eigarmelding 2017

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkludert ny rutine for opplæring av eigarrepresentantar i punkt 3.3 «Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap», jf. vedlegg 1.
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for selskapa, jf. vedlegg 1 del II:

A. Inntil anna eventuelt vert bestemt - vidareføre eigarskapen i fylgjande selskap:  
 F1 Holding AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest  
 Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i  
 Sogn og Fjordane AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Lutelandet Utvikling AS,  
 Opplæringsfartøy AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Kommunekraft AS,  
 Interoperabilitetstjenester AS, Sørvest Bomvegselskap AS, Sogn og Fjordane Teater LL,  
 Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, samt dei fire  
 arbeidsmarknadsbedriftene Mentre AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

B. For dei andre selskapa syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.

**Vedlegg:**

Eigarmelding 2017 – Fylkeskommunalt eigarskap i selskap

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Habilitet**

Fylkestinget må ta stilling til om representantane er habile til å ta del i handsaminga av det enkelte selskap. I vurderinga er det mellom anna relevant om representanten er medlem av styret i selskapet. Dei representantane som vert vurdert ugilde til å legge til rette for og fatte avgjerd i høve eit enkelt selskap, kan ikkje ta del i drøftinga og avrøystinga om dette selskapet. Desse representantane kan delta i den generelle debatten i saka, og i handsaminga av andre selskap.

Rutinen ved handsaming av eigarmeldinga i fylkesutvalet og fylkestinget er at det vert stemt over kvar enkelt tilråding med tanke på fortsatt eigarskap for kvart enkelt selskap, slik at folkevalde som er ugilde i høve eitt selskap, kan ta del i avgjerder som rettar seg mot andre selskap.

### **2. Samandrag**

Dette er tiande gongen fylkestinget får framlagt ei melding om fylkeskommunalt eigarskap i

selskap. Første gong fylkestinget handsama ei eigarmelding var sak 38/08 i desember 2008.

Del I av eigarmeldinga omhandlar eigarpolitikk med synspunkt og vurderingar av mellom anna mål for fylkeskommunal eigarskap, prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar, etikk, reglar og rutinar for utøving av fylkeskommunal eigarskap, rollefordeling, samt habilitet. Del I er oppdatert i tråd med fylkestinget sine vedtak om fylkeskommunal eigarutøving sidan handsaminga av førre eigarmelding.

I del II av eigarmeldinga finn ein omtale av kvart selskap som fylkeskommunen har eigarskap i, samt ei vurdering av om fylkeskommunen bør halde fram som eigar. Det er også utarbeidd ei oversikt over stiftingar der fylkeskommunen er opprettar/medopprettar. Del II er oppdatert med informasjon frå meldingsåret.

### **3. Fylkestinget sitt vedtak i sak 33/16 «Eigarmelding 2016»**

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 33/16:

*1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkludert:*

- A. Nye formuleringar i kapittel 1.3 Kriterium for å gå inn – og bli sitjande – som eigar i selskap/opprettar av stiftingar*
- B. Ny formulering kapittel 1.6 vurderingar ved avvikling av engasjement*
- C. Oppdatert kapittel 1.8.1 om samfunnsansvar, miljø og etikk*
- D. Nytt kapittel 2.6 om retningsliner for eigardialog*

*2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.*

*3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):*

*A. Inntil anna ev. vert bestemt - vidareføre eigarskapen i følgjande selskap: F1 Holding AS,*

*Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling, Opplæringsfartøy AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, KLP, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mmetro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.*

*B. For dei andre selskapa syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4, samt fylkestinget sitt vedtak i sak 30/16 (sal av Fjord1-askjar).*

### **4. Oppfølging av fylkestinget sitt vedtak**

**Status for selskap der fylkestinget i 2014 vedtok å starte prosess for å avvikle eigarskapen:**

#### Luna Industri AS og Botnaneset Industriselskap AS

Fylkeskommunen har selt sine aksjar i desse selskapa, sjå omtale i FT-sak 36/15 «Eigarmelding 2015» og FT-sak 33/16 «Eigarmelding 2016».

#### Fjord1 AS

I møte 26.08.16, sak 30/16, vedtok fylkestinget å selje Fjord1-aksjane til Havilafjord AS, den andre aksjonæren i Fjord1 AS. Vedtaket innebar eit trinnvis sal av aksjane ved at F1 Holding AS først selde 26 % av aksjane i august 2016. Havilafjord AS hadde rett til å kjøpe dei resterande 33 prosentane av fylkeskommunen sin eigardel mellom 1. januar 2017 og 31. mars 2019. Havilafjord AS gjorde gjeldande kjøpsopsjonen på dei resterande 33 prosentane ved brev av 04.05.17. F1 Holding AS og Havilafjord AS inngjekk ein tilleggsavtale som sette oppgjersdagen til 22.05.17. I samband med sal av aksjane og opsjonsaksjane avtalte partane ein salskreditt på totalt 367,5 mill. kr som forfell til betaling 30. juni 2020.

#### Firda Billag AS

Fylkesrådmannen syner til tidlegare løypemeldingar til fylkesutvalet i møte 30. september 2015, sak 97/15, samt i møte 4. mai, sak 40/16.

I samband med ordinær generalforsamling 2016 inviterte fylkeskommunen dei andre aksjonærene til eit eigarmøte. Temaet var moglegheita for eit eventuelt fellessal av aksjar i Firda Billag AS.

Fylkeskommunen ønskte også å avklare om andre aksjonærar var interesserte i å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar. Ingen av dei andre aksjonærane ønskte å kjøpe fylkeskommunen sin aksjepost, men styret fekk fullmakt frå generalforsamlinga til å kjøpe inntil 11 % av eigne aksjar etter vilkåra i aksjelova kapittel 9. Fullmakta gjeld i to år frå generalforsamlinga sitt vedtak 25. mai 2016. Fleire av kommunane gav i eigarmøte uttrykk for at dei ønskte ei verdivurdering av selskapet før dei tok stilling til spørsmålet om sal av sine aksjar i selskapet. Kommunane stadfesta dette ved brev utover hausten 2016.

Anskaffinga av tilbod på verdivurderinga tok dessverre noko tid, m.a. fordi fylkeskommunen først ikkje fekk samanliknbare tilbod, og måtte avlyse konkurransen om arbeidet. I slutten av august 2017 leverte PwC ein rapport for indikativ verdivurdering av selskapet. Så snart rapporten er endeleg ferdigstilt, vil den bli send til kommunane som ønskte slik vurdering. Fylkesrådmannen vil på denne bakgrunn be kommunane om attendemelding i høve spørsmålet om eit ev. fellessal. Fylkesutvalet vil bli orientert med løypemelding så snart det er utvikling i saka.

#### Njøs Næringsutvikling AS

Fylkeskommunen har vore i kontakt med dei andre aksjonærane i selskapet angåande salet. Alle aksjonærane har meldt attende at dei ikkje er interesserte i å kjøpe fylkeskommunen sin aksjepost. Fylkesrådmannen har difor bedt styret om hjelp til å finne aktuelle kjøparar til aksjeposten. Styreleiar her meldt attende at styret vil forsøke å hjelpe fylkeskommunen med å finne ny(e) eigar(ar), men at dette kan ta tid. Fylkesutvalet vil bli orientert med løypemelding så snart det er utvikling i saka.

#### Norsk Fjordhestsenter AS

Fylkeskommunen har tidlegare forsøkt å selje aksjane i selskapet utan hell. Alt ved handsaming av Eigarmelding 2008 gjorde fylkestinget vedtak om at ein «skulle vurdere å gå i forhandlingar med Eid kommune og Norsk Fjordhestlag om moglegheit for sal/avvikling av eigarskapen». Dei to andre aksjonærane var først positive til eit eventuelt kjøp av aksjane. Det går mellom anna fram av Eigarmelding 2011 at begge hadde synt interesse for å kjøpe aksjane. Fylkeskommunen fekk likevel ikkje selt aksjane, og fylkestinget vedtok i sak 46/12 «Eigarmelding 2012» å vidareføre eigarskapen inntil vidare.

Også etter fylkestinget sitt vedtak i sak 33/14 har det vist seg vanskeleg å selje fylkeskommunen sine aksjar i selskapet. Fylkeskommunen har kontakta dei to andre aksjonærane, men ingen melde attende at dei var interesserte i å kjøpe aksjane. I møte 23.11.16, sak 130/16, fekk fylkesutvalet ei løypemelding med forslag til vidare handlingsalternativ i prosessen. Då vedtekten ikkje opnar for å dele ut utbyte, er det vanskeleg å tenkje seg andre kjøparar enn dei to andre aksjonærane. Forbodet i vedtekten mot utbyteutdeling kan dessutan få vesentleg verknad på verdsetjinga av fylkeskommunen sin aksjepost. Fylkesutvalet var samd med fylkesrådmannen med at andre alternativ - m.a. vedtektsendring, eller moglegheita for å gje bort aksjane utan vederlag - ikkje var aktuelle.

Per dags dato finst det ikkje aktuelle kjøparar til aksjeposten. Eit alternativ er at fylkestinget endrar status for selskapet til «Vidareføre eigarskapen». Dersom fylkestinget ikkje endrar vedtaket frå 2014, vert statusen om at fylkeskommunen ikkje ønskjer å vidareføre eigarskapen ståande. På denne måten held fylkeskommunen moglegheita for eit ev. sal open, i tilfelle det skulle vise seg nye mogleheter i saka, t.d. ein aktuell kjøpar.

#### Status for bustadstiftingane

Sjå sak 32/16, lagt fram for fylkestinget i møte 18. oktober 2016. Fylkestinget bad stiftingane om å søkje omdanning i tråd med vedtaket i saka. Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å gje fråsegn i tråd med fylkestinget sitt vedtak når styret søker om omdanning. Dersom styret sin søknad om omdanning omfattar andre vedtektsendringar enn det som går fram av vedtaket i fylkestinget, skal fylkesutvalet gje fråsegn.

Etter førespurnad frå styret i stiftinga ved Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane deltok fylkesordføraren på eit møte med dei tre stiftingane 13. september 2017. Fylkesordføraren inviterte også Helse Førde og Stiftelsestilsynet til møtet. Stiftingane og Helse Førde har noko ulik oppfatning av kva som vil vere den beste løysinga for overføring av valretten, men møtedeltakarane vart samde om vidare framgangsmåte i saka. Dei tre styra i stiftingane vil drøfte ulike løysingar, samt vurdere om andre vedtektsendringar er naudsynte for at vedtekten skal samsvere med lova. Stiftingane gav uttrykk for at dei vil invitere Helse Førde til dialog om vedtektsendring. Etter at styra har kome med forslag til vedtektsendring, skal fylkeskommunen gje fråsegn. Fylkeskommunen sine fråsegner følgjer som vedlegg til stiftingane sine søknadar om omdanning. Vedtektsendringar skal godkjennast av Stiftelsestilsynet, som har omdanningsmynda.

Dersom det er avvik mellom styret sitt forslag og fråsega frå opprettar (fylkeskommunen), ligg avgjerda til Stiftelsestilsynet.

## **5. Med grunnlag i dei vedtekne formåla for fylkeskommunal eigarskap gjer fylkesrådmannen framlegg om at fylkeskommunen inntil anna ev. vert bestemt skal eige aksjar/delar i følgjande selskap:**

F1 Holding AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Lutelandet Utvikling AS, Opplæringsfartøy AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sørvest Bomvegselskap AS, Sogn og Fjordane Teater LL, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentre AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

## **6. Opplæring av folkevalde**

I eigarmeldinga del 1 punkt 3.3 «Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap» heiter det:

*Innan 6 månader etter fylkestingsvalet, skal dei folkevalde få opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging, samt status for selskapa. Etter 2 år skal det haldast eit oppfriskingsseminar.*

Den første opplæringa vart gjennomført 18.april 2016. I notat til fylkesutvalsmøte 3. mai 2017 kom fylkesrådmannen med framlegg til gjennomføring av oppfriskingsseminaret. Fylkesutvalet hadde ikkje merknadar til notatet, og oppfriskingsseminaret skal etter planen gjennomførast 25. september 2017.

## **7. Andre endringar i eigarmeldinga**

### **Endringar i del I:**

Det er gjort mindre språklege endringar i eigarmeldinga del I. Desse er ikkje nærmere omtala i saksframlegget. I det vidare vil eg trekke fram dei viktigaste endringane i meldinga:

Teksten i **punkt 1.8.1, 2.2.2 og 2.6.2** er noko skriven om, men meiningsinnhaldet er det same.

**Punkt 1.9.2** er oppdatert med politiske eigarskapssaker frå perioden etter at Eigarmelding 2016 vart send frå administrasjonen til politisk handsaming, fram til årets eigarmelding er send til politisk handsaming, dvs. medio september 2016 til medio september 2017.

Nokre avsnitt frå **punkt 2.4.3** er flytta til **punkt 3.2.1**.

**Punkt 2.6.2** om eigardialogen er endra når det gjeld fylkestinget sine årlege møter med Sogn og Fjordane Energi AS og Fjord1 AS. Då fylkeskommunen har sett seg ut av Fjord1 AS, vil denne rutinen berre gjelde for Sogn og Fjordane Energi AS frå no av.

I **punkt 3.2.1** er avsnittet om det regionale styret i Innovasjon Norge - med tilvising til delegeringsreglementet - fjerna. Som følgje av at dei regionale styra i Innovasjon Norge er lagt ned, fjerna fylkestinget i sak 16/17 setninga i delegeringsreglementet om fylkeskommunen sitt høve til å kome med framlegg på medlemer til dette styret.

Det er gjort visse presiseringar i **punkt 3.8** om tilsyn og kontroll. Avsnittet er no knytt opp mot forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Selskapskontroll 2016 – Eigarskapskontroll Fjord1 – FT-sak 29/16 punkt 4**

Ved vedtak i sak 29/16 bad fylkestinget fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap, sjå punkt 4 i vedtaket. Fylkestinget handsama dette vedtaket i sak 33/16 (Eigarmelding 2016), og vedtok at punkt 3.3 i eigarmeldinga –som gjeld opplæring av folkevalde – vert ståande uendra.

I fylkesutvalsmøtet 30.11.16 gjorde fylkesrådmannen greie for oppfølginga av fylkestinget sitt vedtak i sak 29/16. I notatet la fylkesrådmannen opp til ei styrking av kompetansen til sentrale eigarrepresentantar, då det vert stilt krav om særleg kunnskap om plikter og rolla dei har som representantar for fylkeskommunen. Fylkesrådmannen la fram følgjande forslag i notatet:

*Som ny rutine får sentrale eigarrepresentantar tilbod om å delta på KS-kurs i eigarrolla. Fylkesrådmannen vurderer at dette bør omfatte fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren og fylkesrådmannen. Fylkesutvalet må ta stilling til om det er andre utover desse som skal få tilbod om slik opplæring, t.d. personar som er eigarrepresentantar for fleire selskap, og liknande. Rutinen vil bli teke inn i neste års eigarmelding, men fylkesrådmannen legg opp til at dei aktuelle eigarrepresentantane får tilbod om slik opplæring dersom det vert sett opp relevante kurs før eigarmeldinga kjem opp for handsaming i oktober 2017.*

Fylkesutvalet hadde ikkje merknadar til framlegget om ny rutine. Kontrollutvalet handsama notatet og oppfølginga av FT-sak 29/16 i sak 3/17. Utvalet vurderte oppfølginga av saka som ferdig, og avslutta dermed eigarskapskontrollen.

Den nye rutinen er teken inn i Eigarmelding 2017 punkt 3.3 «Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap».

Fylkesordføraren deltok på KS-kurs i april 2017. KS har per dags dato ikkje sett opp fleire slike kurs dette året. Fylkesvaraordføraren og fylkesrådmannen vil delta på neste relevante kurs.

### **Endringar i del II:**

#### **Oppdatert selskapsinformasjon**

Denne delen vert skriven med grunnlag i årsrekneskap, årsmeldingar, protokollar, rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte, vedtekter, selskapsavtalar, aksjonæravtalar og politiske vedtak m.m.

All informasjon om aksjeselskapa er oppdatert, inkludert aksjekapital, fylkeskommunal eigardel, styresamansetjing, kven som møtte på generalforsamling/representantskapsmøte for fylkeskommunen, økonomisk utvikling og viktige hendingar.

Selskapa er delt inn etter føremål med eigarskapen:

- finansielle mål
- næringsutvikling
- fylkeskommunale- /kommunale fellestiltak
- fylkesomfattande kulturselskap og
- (arbeidsmarknadsbedrifter)

Oversikta over interkommunale samarbeid er mellom anna oppdatert med informasjon om styre og leiing. Til dømes har Sogn og Fjordane fylkeskommune leiarskapen i Vestlandsrådet i 2017, med fylkesordførar Jenny Følling som leiar, og Ole Inge Gjerald frå administrasjonen som kontaktperson for rådet.

Når det gjeld stiftingane, er mellom anna informasjon om fylkeskommunale tilskot oppdatert for 2016. Det er òg gjort nokre språklege endringar i innleiinga til dette kapittelet, men ingen som endrar på innhaldet. Vidare er oversikta oppdatert med informasjon om stiftinga REKOMP.

#### **Endringar i eigarporteføljen**

Selskapsverksemda er oppdatert med informasjon om nye aksjeselskap som fylkeskommunen var med å opprette i 2016; Sørvest Bomvegselskap AS og Sogn og Fjordane Fondet AS.

Fylkeskommunen selde sine aksjar i Fjord1 AS i 2016 og 2017. Dette er såleis siste året dette selskapet vert omtala i eigarmeldinga.

#### **Vurdering av eigarskapen**

I tråd med vedtekne retningslinjer er det gjort ei oppdatert vurdering av eigarskapen i kvart enkelt selskap etter kriteria for eigarskap.

#### **Punkt 10 om selskapskontroller**

Oversikta er oppdatert i samsvar med vedtekne planar.

### **8. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I, samt omtalane og vurderingane av selskapa og stiftingane i del II.